

Strikke med venstre hand

Tilbakestricking – utan å snu arbeidet.


Rett glede av kontstricking får ein når ein lærer seg å strikke med venstre hand, for å sleppe å snu arbeidet etter kvar pinne. Teknikken eignar seg også godt til mønster med 2 fargar, når det skal strikkast fram og tilbake.

Det er fleire måtar å strikke tilbake på. Den som er synt her beheld den same tvinnen på tråden, som ved vanleg stricking. Løpetråden, er flytta over på høgre peikefinger. Det er viktig å finne ut kva som fungerer best, flytte tråden, eller la den vere på venstre finger.


Eksempel 1:

Rette maskar:

- Løpetråden på høgre peikefinger
- stikk venstre pinne rett inn i masken på høgre pinne.



- Stikk vidare pinnen under tråden og rundt den.
- Slik blir tvinnen verande på løpetråden.



Vrange maskar:


- Stikk pinnen inn i maska bakfrå.
- Legg løpetråden mellom pinnane og vri venstre pinne ut or masken for å få ny maske på pinnen.



Eksempel 2:


Rette maskar:

- Ha tråden på venstre peikefinger, som ved vanleg strikking.
- Løft tråden og sving den over og rundt pinnen.



Vrange maskar:

- Stikk pinnen inn i maska bakfrå.
- Legg løpetråden mellom pinnane og vri venstre pinne ut or masken for å få ny maske på pinnen



Å strikke tilbake slik, kan kjennast både seint og tungt i starten. Vanskeleg å strikke jamt kan det og vere. Men, med litt øving brukar det gå greitt. Lærer ein seg å flytte løpetråden over på høgre peikefinger kan ein etter kvart mest gløyme kva som er den vanlege strikkemåten. Dette er også strikkemåten for dei keivhendte, for å ikkje få problem med vridde maskar og at snuen på tråden blir borte.